

Søknad om konsesjon for bygging av Vinda kraftverk i Øystre Slidre kommune

Skagerak Kraft AS ønskjer å utnytte fallet i elva Vinda mellom Søre Vindin og Heggefjorden til vasskraftproduksjon, og søker difor om å byggje Vinda kraftverk. Etter planane vil Vinda kraftverk produsere om lag 50 GWh/år. Skagerak Kraft søker òg om å ein om lag 1,2–1,4 km lang jordkabel frå Heggebø transformatorstasjon til kraftverket, det er utarbeidd to alternativ for kabelen.

Det vert i søknaden søkt om konsesjon i medhald av vassressurslova og energilova, samt ekspropriasjonsløyve i medhald av oreigningslova. Samstundes vert det søkt om førehandstiltreding, som inneber at grunn og tilkomstrettar kan takast i bruk før skjøn er halde.

Søknaden og alle fagrapportane er tilgjengeleg på NVE sin internettside: www.nve.no/Vannkraft og er lagt ut til offentleg gjennomsyn på kommunehuset Tingvang i Heggenes. De kan få ein papirversjon av søknaden ved å kontakte Skagerak Kraft v/ Lars Ole Thunold på tlf. 971 55 748 eller larsole.thunold@skagerakenergi.no.

NVE vil halde eit ope møte i Heggenes i løpet av høyringsperioden. Tid og stad vert kunngjort av NVE seinare. På møtet vil NVE orientere om sakshandsaminga, og søker vil gjere greie for konsekvensane ved ei eventuell utbygging.

Fråsegner kan sendast via internett www.nve.no/vannkraft til nve@nve.no eller i brev til NVE – Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091, Majorstua, 0301 OSLO så snart som mogeleg og seinast innan 19. september 2014.